

Vekeplan 10. trinn

Veke 45 og 46

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none">• Kunna seia kva ei novelle er• Kunna seia kva (motiv) handling, tema og budskap er i ei novelle• Vita kva eit manus er
Engelsk	<ul style="list-style-type: none">• Reflektera over likskapar og ulikskapar i film/tekst• Kunna sei noko indigenous people.
Matematikk	<ul style="list-style-type: none">• Rekning med ulike algebraiske uttrykk• Faktorisering av ulike algebraiske uttrykk• Faktorisering og forkorting• Kvadratsetningane• Likningar, proporsjonar og likningssett• Utforsking og problemløysing
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none">• Reflektera over likskapar og ulikskapar i identitetar, levesett og kulturuttrykk og drøfta moglegheiter og utfordringar ved mangfald• Reflektera over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og utfordra i ulike fellesskap, og presentera forslag til korleis ein kan handtera påverknad og uønskte hendingar
KRLE	<ul style="list-style-type: none">• Kunna seia litt om kva som gjorde at kyrkja delte seg i to i år 1054 og kva den delte seg i (Det store skisma)• Presentera viktige trekk ved de store kristne trussamfunna
Naturfag	<ul style="list-style-type: none">• Gjera greie for produksjon, transport og lagring av energi• Gjera greie for og vurdera bruk av brensel som energikjelde og energiberarar• Forklara og vurdera nokre vanlege produksjonsmetodar for elektrisk energi• Utforska nokre metodar for produksjon av energi
Spansk	<ul style="list-style-type: none">• Refleksive verb• Dagleg rutine• Å vera ung
Tysk	<ul style="list-style-type: none">• Å kunna noko om historia til BRD og DDR• Å kunna snakka om personar• Å kjenna til kjente tyske personar• Å kunna bruka zu werden om framtid
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none">• Presentera ei sjølvvald kriminalsak
Arbeidslivsfag	<ul style="list-style-type: none">• Undersøka behov for varer og teneste på skulen og i lokalsamfunnet• Kunna planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag• Kunna produsera og levera varer og teneste etter kvalitetskrav• Bruka fagbegrep, arbeidsmetodar, verktøy, materiale og teknologi tilpassa arbeidsoppdrag

Kroppsøving	Basketball / Turn: <ul style="list-style-type: none"> • Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar • Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar Symjing: <ul style="list-style-type: none"> • Forstå og gjennomføra livreddande førstehjelp Innsats: <ul style="list-style-type: none"> • Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre • Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra din eigen fysiske kapasitet og samarbeida med andre
K&H	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna omarbeida og sammenføye ulike materiale • Kunna bruka ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte
Musikk	<ul style="list-style-type: none"> • Få samspelet til å fungere • Spele sin del slik instruksjonsvideoen viser
Utdanningsval	Alle som ikkje har BankID eller MinID må koma i gang med å skaffa ein av dei nå.
Trafikk	<ul style="list-style-type: none"> • Utforska og gjera seg kjende med trafikken i nærmiljøet og føreslå konkrete trafikksikringstiltak • Reflektera over og visa korleis trafikksikrings-utstyr kan redusera ulykker og skader • Diskutera etiske dilemma i trafikken • Reflektera over og visa kva det vil seia å opptre trygt og ansvarsfullt i trafikken og diskutera etiske dilemma i trafikken
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Læra å planleggja og gjennomføra matproduksjon for sal • Læra om marknadsføring av produkt for sal • Læra om budsjett
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Vita kva allemannsretten går ut på
Design	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna utarbeida idear og løysingsalternativ og vidareutvikla dei til eigne produkt • kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å utforma produkt i ulike materiale
Olweus	<ul style="list-style-type: none"> • Klassemiljø • Korleis skal me oppføra oss mot kvarandre.

INFORMASJON TIL HEIMEN

Klassequizen

4 elevar reiste i veke 43 inn til NRK Rogaland for å delta på Klassequizen. Elevane gjorde ein god innsats, men det var vanskeleg spørsmål! Det blei dessverre for mange feil, så det blir ingen Oslo-tur på elevane.

Jenter og teknologi

Nokre jenter reiste inn til Stavanger på torsdag, der dei fekk vera med på "Jenter og teknologi". Her fekk dei masse informasjon om yrker og utdanning, og dei fekk treffa jenter som har valgt utradisjonelle yrker for jenter. Spennande og lærerik dag!

Maritim og offshore dag

På torsdag skal mange elevar reisa til Stavanger for å lære meir om utdanning og yrkesval innanfor offshore og maritim næring.

FRIDAG

Fredag 17. november er fridag både for elevar og lærarar.

Hei verden

I veke 48 startar me opp med årets solidaritetsinnsamling ved Bryne u skule. Me skal samla inn pengar til Hei verden, og me får informasjon måndag 27. november om prosjektet. På 10. trinnet skal elevane ha "Jobb ein dag", der inntektene frå arbeidet går til Hei verden. Onsdag 29. november er arbeidsdagen, så det kan vera lurt å prøva å finna seg ein arbeidsplass i god tid. Det er og mogleg å arbeida heime!

Elev- og utviklingssamtalane

Kontaktlærarane er i gang med elev- og utviklingssamtalane!

Helsing oss på 10.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Naturfag	Fagsamtale i lab-timane	Karakter	Veke 45, 46 og 47
Engelsk A, C, D	Podcast	Karakter	Veke 45
Engelsk fordjupning	Munnleg presentasjon	Karakter	Veke 46

HEIMEARBEID VEKE 45

Norsk	Les 3x20 minutt i boka. Meld inn sidetal til lærar i slutten av veka. Hugs å oppdatera "Bøker eg har lese" på ON. Me tel opp bøkene i januar.
Engelsk	10ACD: Podcast 10B: sjå ON.
Matematikk	I oppgåveboka s. 23, 27 og 32: Oppg. 1.135, 1.141, 1.150
Samfunnsfag	I løpet av veka skal du sjå 3 nyheitssendingar. Skriv inn på onenote dei viktigaste hendingane i nyheitsbiletet denne veka.
Naturfag	Førebu deg til fagsamtale i naturfag
Spansk	Skriv det du gjer heime før du kjem på skulen
Tysk	Skriv 10 setningar om kva du gjorde i går. Bruk presens perfektum.
Eng fordj	Vel deg ut ei kriminalsak du vil sjå nærare på. Bruk engelskspråkelege kjelder, og legg lenkene på ON.

Kroppsøving	Basketball/Turn: Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne. Symjing: Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD
Musikk	Øv på ditt instrument, slik at du kan henge med i samspelet.
Kantine	Me skal laga mat. Møt på kjøkken
Friluftsliv	Jobb med bookcreator om allemannsretten (Frist: veke 46)

HEIMEARBEID VEKE 46		
Norsk		Les 3x20 minutt i boka. Meld inn sidetal til lærar i slutten av veka. Hugs å oppdatera "Bøker eg har lese" på ON. Me tel opp bøkene i januar.
Engelsk		Sjå ON.
Matematikk		I oppgåveboka s. 32, 33 og 34: Oppg. 1.151, 1.153, 1.154
Samfunnsfag		I løpet av veka skal du sjå 3 nyheitssendingar. Skriv inn på onenote dei viktigaste hendingane i nyheitsbiletet denne veka.
Naturfag	1	Førebu deg til fagsamtale i naturfag
Spansk		Gloseprøve refleksive verb
Tysk		Diktat torsdag. (Du får teksten på tysdag)
Eng fordj		Jobb vidare med kriminalsaka du har vald. Fyll inn i skjemaet på ON.
Kroppsøving		Basketball/Turn: Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne. Symjing: Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD
Musikk		Øv på ditt instrument, slik at du kan henge med i samspelet.
Kantine		Me skal laga mat. Møt på kjøkken.
Friluftsliv		Jobb med bookcreator om allemannsretten. Framføring i veke 46.